



# VINDDALEN - FOSSJUVET

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

**Lengde:** Omtrent 5 timar fram og tilbake

**Passar for:** Ikkje for dei minste

**Parkering:** Ved Norsk Folkehjelp si hytte i Vinddalen

**Kartblad:** 1312 IV: Frafjord

### **Verd å merka seg:**

Stien er godt merka. Stigninga opp til Sletteskaret er svært tøff og kan vera vanskeleg på bløtt føre, då grusmassane skliar unna. Ver og budd på at veret skiftar fort oppe i fjella her.



Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå parkeringa ved Norsk Folkehjelp si hytte i Vinddalen går stien på grusryggen langs Tverråna. Etter kvart kjem ein inn i ein flott skog med mykje grov furu og nokre fine gamle lauvtre. Terrenget blir stadig brattare, og snart opnar skogen seg og ein kan sjå opp lia der stien går. Stigninga er bratt, men det er bare å ta fatt.

Oppe ved Sletteskarvatnet blir det lettare å gå, og vel gjennom skaret kan ein sjå vidt omkring. Fossjuvet kan skimtas nede i lia. Snart passerar ein nokre små tjørn, og før ein veit ordet av det dukker Fossjuvet opp på høgre hand. Det spektakulære geologiske fenomenet har eit dramatisk uttrykk som kan måla seg med dei fleste attraksjonane i rogalandsnaturen.

Turen tilbake til Vinddalen går langs same stien, men nå med skjelvande kne. Turen ned til dalen er like tøff som oppturen.

### Mektig natur

Stien frå Vinddalen til Fossjuvet går gjennom svært variert og rik natur, og store delar av turen går i Frafjordheiane landskapsvernområde.

I skogen kan ein finna mykje sopp og spesielt kantarell trivst her. Lenger oppe i lia står blåbærlyngen tung av bær i gode år. Enkelte stader langs stien kan ein vera heldig å finna fjellets gull, molta.

Fossjuvet er gravd ut av ein svær foss som flauma gjennom dalen i ein relativt kort periode etter at isbreen forsvann for over 10 000 år sia. Isen la igjen store mengder med sand og grus som ligg att den dag i dag. Juvet er eit mektig skode som kan samanliknast med det kjende Jutulhogget i Østerdalen som blei danna på same måten.





